

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 01.10.03 **Tid:** 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5

Andre som var tilstade på møtet:

Assisterande administrasjonssjef møtte i sak 37 og personalsjef i sak 38.
Administrasjonssjef

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 3. oktober 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

I tillegg til utsende saker var det semje om å handsama tre ekstra saker på møtet. Med denne endringa vart innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen hadde sett av protokollen til AMU at det var løyvd midlar til tiltak frå tilleggsøyvingskontoen. Vedtaket var gjort etter at PØ hadde disponert alle frie midlar her. Administrasjonen orienterte om at ved budsjettoppstilling var det øyremerkja midlar til AMU-tiltak på tilleggsøyvingskontoen. Desse midlane var det AMU fordelte.

Arne Jørgensen ba om orientering om budsjettprosessen. Han spelte og inn eit ønskje frå gruppa si om at administrasjonssjefen orienterte kommunestyregruppene om budsjettframlegget til administrasjonssjefen så snart det var klart. Denne gjennomgangen kunne gjerne skje i fellesskap. Administrasjonssjefen viste til vedteke reglement for budsjettprosessen der det m.a. er vedteke at adm.sjefen skal legge fram budsjettet innan 01.11. Adm.sjefen hadde ikkje noko innvendingar om å om å halda orienteringar om innhaldet i budsjettet til det politiske miljøet.

Jørgensen spurde og om administrasjonen har gjort seg noko tankar om rentebindingane og moglegheiter for å frigjera midlar. Administrasjonen vil mest sannsynleg foreslå at det vert søkt om utsetjing med betaling av avdrag på ein slik måte at reduksjonen tilsvarar meirutgiftene me har fordi me no har fastrente. På den måten får me eit litt romslegare driftsbudsjett.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Administrasjonen orienterte om at det vert sendt ein søknad til Statens Vegvesen om å få gangfelt for kryssing av vegen ved kyrkja på Ådland.

Det vart bedt om løyve til å finansiera meirutgifter med ballbinge. Det viser seg at det er ein del tilretteleggingsarbeid som må gjerast med innleigde maskiner og også at ein del av grunnarbeidet er meir komplisert/omfattande enn kva som var føresett når det vart inngått avtale med idrettslaget om dugnad. Administrasjonen ønskjer å bruka nokre av midlane som tidlegare er avsett til tiltak i barn- og ungdomsplanen og elles noko midlar på kulturbudsjettet til tiltaket. Det var ikkje merknader til dette.

Kontrollutvalet har nok ein gang handsama sak om tilhøve til tidlegare bygdebokforfattar. Ordføraren orienterte om at ho vil ta saka opp i kommunestyret for å få saka avslutta.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0037/03	02/00494 SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR - AVKLARING IDEPROSJEKT
0038/03	03/00330 REVISJON AV SÆRAVTALE FOR LEIARAR
0039/03	01/00264 HYTTERENOVASJON I BIR - KOMMUNANE.
0040/03	01/00407 ETABLERARKURS 2003/ 2004. BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING SØKNAD OM DELFINANSIERING
0041/03	03/00332 SAMARBEIDSAVTALE MED BERGEN KOMMUNE OM INNKJØP

0037/03

**SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR
- AVKLARING IDEPROSJEKT**

Handsaming i møte:

I møtet vart det informert om innkomne ideskisser med kostnadsoverslag som er utarbeidd av arkitekt.

Utvalet meinte at arbeidet skal fortsette slik det er vedteke, men at ein avventar val av nye representantar. Dette gjeld både dei politiske valde og representantane for foreldra.

Vedtak:

Arbeidsgruppa held fram arbeidet som opprinneleg bestemt, men arbeidet vert stoppa opp i påvente av nyval.på forledrerepresentantar og politikarar.

Vedtaket var samrøystes.

0038/03

REVISJON AV SÆRAVTALE FOR LEIARAR

Framlegg til vedtak::

###Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonssjefen.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk samrøystes inn for at det vert teke opp drøfingar med leiarane med utgangspunkt i revidert avtale. Det vert og vist til lønspolitisk plan om at delar av lønsfastsetting skal vurderast på bakgrunn av innsats og resultatoppnåing. Det må i fellesskap arbeidast konkret med å finna fram til kriteria som kan nyttast i så høve.

Vedtak:

Det vert gjennomført drøfingar med adm.sjef og ass. adm.sjef om inngåing av ny leiaravtale. Basis for drøfingane vert framlegg til revidert leiaravtale. Det må vidare utarbeidast kriteria som skal nyttast for vurdering av innsats og resultatoppnåing.

0039/03

HYTTERENOVASJON I BIR - KOMMUNANE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune tar saka om hytterrenovasjon i BIR kommunane til etterretning.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune tar saka om hytterrenovasjon i BIR kommunane til etterretning.

0040/03

**ETABLERARKURS 2003/ 2004. BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING
SØKNAD OM DELFINANSIERING**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune finn ikkje å yta tilskot til gjennomføring av etablerarkurs 2003/2004 . Grunngevinga for dette er kommunen sin økonomiske situasjon sett i lys av at Bjørnefjorden Næringsutvikling har midlar som kan omdisponerast.

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram framlegg om at det skulle ytast tilskot i samsvar med søknaden.

Dette vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Søknaden frå Bjørnefjorden Næringsutvikling om tilskot til gjennomføring av etablerarkurs 2003/04 vert imøtekomen.

Løyvinga på kr 6.000 vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

0041/03

SAMARBEIDSAVTALE MED BERGEN KOMMUNE OM INNKJØP

Framlegg til vedtak::

###

Inngått samarbeidsavtale om innkjøp mellom Bergen kommune og Samnanger kommune av 28.08.99 opphøyrer frå 01.01.2004.

Samnanger kommune inngår ny samarbeidsavtale om innkjøp mellom Bergen kommune og Samnanger kommune i samsvar med framlegg til avtale dagsett 07.07.03.

Handsaming i møte:

Utvalet ønskte at Samnanger Næringsforum skal gje uttale i saka før det vert fatta vedtak.

Vedtak:

###

Personal- og økonomutvalet ber om at Samnanger Næringsutval gir uttale i saka før den vert endeleg handsama.